



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 03.12.2014
Møtetid: 15:00 - 17.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Eva Hellevang (H)	Arild Røen (H)
Birthe Skar-Moum (Ap)	Liv Berit Befring (Ap)

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann

Møteleiar:	Marit A Aase
Møtesekretær:	Tone Ramsli

Merknader:
Ordfører i Kvam Asbjørn Tholo møtte kl 17.00 og orienterte om vegplanar som vil redusera kjøretida Jondal – Bergen.

Meldingar:	Organisering av kommunen Byggeleiar for Samnangerheimen er tilsett. Rådmannen er i dialog med Norconsult om konsulentonorar for prosjekteringa. Rolvsvåg industrihavn har teke opp att dialogen med kommunen. Kommunen v. adv. Heldal har meldt frå om at leigeavtalen for kaiområdet er sagt opp. Konsekvensar for økonomiplanen med nytt bibliotek og oppjustert kostnad for bu- og aktivitetssenter
Utvalet sitt kvarter:	Ragnfrid Olsnes (Bl) om aktivitetar for barn og unge
Dokument utlevert i møtet:	Brosjyre om E134 Haukelivegen

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 09.12.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
067/14	14/894	Faste saker	
068/14	11/95	Rapporteringstidspunkt og teljedato for barn i barnehagane	
069/14	09/584	Kjøp av tomt nr. 8 i bustadfelt Lønnebakken til garasje	
070/14	09/640	Kommunalt tilskot til oppføring av kunstinstallasjon ved rundkjøring på Fv 48	

SAKNR. 067/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

03.12.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen ba om at sak 67/14 vart trekt av saklista og sendt direkte til kommunestyret. Det har kome inn ny informasjon som gjer at saka må gjennomgåast.

Skriv og meldingar:

Rådmannen la fram ein oversikt som viste at framlegg til ny organisering vil truleg medføra ein mindre auke i lønnskostnader frå 2016 enn dagens organisering. Det vart ein omfattande diskusjon om det var rett å handsama denne saka administrativt. Fleirtalet i formannskapet meiner at rådmannen skal fatta vedtak i denne saka. Kommunestyret vil verta gitt melding om vedtaket.

Med bakgrunn i sak om bibliotek har administrasjonen laga nye versjonar av økonomiplanen som viser kva konsekvensar det vil ha økonomisk. I dei nye versjonane er det og lagt til grunn oppjusterte kostnader for nytt bu- og aktiviseringscenter. Det er laga eit notat som viser kva som ligg til grunn for kostnaden. Rådmannen sender denne informasjonen ut saman med innkalling til kommunestyret.

Utvalet sitt kvarter:

Ragnfrid Olsnes (Bl) har vore i kontakt med kulturkontoret og fått orientering om kva aktivitetar for barn og unge som er under planlegging. Det var gledeleg mange og mange ulike type aktivitetar. Olsnes meiner at dei resterande midlane av Sima-Samnanger-fondet må brukast til å stø opp om desse tiltaka.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med endringa om at sak 67/14 vert trekt.

FORM-067/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med endring om at sak 67/14 vart trekt.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 068/14

RAPPORTERINGSTIDSPUNKT OG TELJEDATO FOR BARN I BARNEHAGANE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å ha 3 årlege rapporteringstidspunkt på barnetalet i barnehagane i kommunen. Rapporteringstidspunkta vert den 15. desember, 1. april og 1. september kvart år. Jfr forskrift §7-2.ledd.

Vedtaket er gjort med heimel i Barnehagelova § 14 og FVL § 2, og kan verte påklaga av den private barnehagen. Klagefristen er sett til 3 veker frå vedtaket er kjent.

03.12.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FORM-068/14 VEDTAK:

Saka vart trekt.

SAKNR. 069/14

KJØP AV TOMT NR. 8 I BUSTADFELT LØNNEBAKKEN TIL GARASJE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune imøtekjem ynskje frå 5 oppsitjarar i bustadfeltet på Lønnebakken om å kjøpa tomt nr. 8 i feltet til garasjeføremål. Samla pris for tomta er kr 200.000 + omkostningar.

03.12.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-069/14 VEDTAK:

Samnanger kommune imøtekjem ynskje frå 5 oppsitjarar i bustadfeltet på Lønnebakken om å kjøpa tomt nr. 8 i feltet til garasjeføremål. Samla pris for tomta er kr 200.000 + omkostningar.

SAKNR. 070/14

KOMMUNALT TILSKOT TIL OPPFØRING AV KUNSTINSTALLASJON VED RUNDKJØRING PÅ FV 48

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger gir eit tilskot på kr 100.000 til etablering av kunstinstallasjon som omsøkt ved rundkjøring på Fv 48. Pengane vert løyvd av konto nr. 1.1402.1400.3251

03.12.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-070/14 VEDTAK:

Samnanger gir eit tilskot på kr 100.000 til etablering av kunstinstallasjon som omsøkt ved rundkjøring på Fv 48. Pengane vert løyvd av konto nr. 1.1402.1400..

